



Øystein Hosøy  
Hosøyvegen 31  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/13 - 21/4881

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
21.01.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 10/16 Rødland**

Tiltak: arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 10/16  
Tiltakshavar: Øystein Hosøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.01.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Areal som vert søkt arealoverført til gbnr 10/33 ligg i uregulert område sett av til LNF (landbruk, natur og friluftsliv) og til byggjeområde i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Søknaden krev dispensasjon frå arealføremålet LNF. Søknaden krev også dispensasjon frå byggjegrense mot sjø (100m). I areal sett av til byggjeområde er det i følgje punkt 2.2 i føresegnene til kommunedelplanen krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før arealoverføring kan tillatast. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå dette kravet.

Dispensasjon skal vera grunngjeven og skal nabovarslast. Informasjon kring dette med dispensasjon finn ein mellom anna på heimesidene til kommunen:

[https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-  
endre-eller-rive/nabovarsel/](https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.02.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Øystein Hosøy

Hosøyvegen 31

5993

OSTEREIDET